Vestland fylkeskommune

# Konkurransegrunnlag

Open tilbodskonkurranse etter innkjøpsforskrifta del I og del II.

## Austevoll vgs 3 etg
## VLFK-26/208

Vestland fylkeskommune

Innhald:


1. Generell informasjon ..... 4
1.1. Oppdragsgivar ..... 4
1.2. Kontaktpunkt ..... 4
1.3. Formålet og omfanget av anskaffinga ..... 4
1.4. Entrepriseform ..... 4
1.5. Talet på leverandørar ..... 4
1.6. Deltilbod ..... 5
1.7. Varigheit og leveringstid ..... 5
1.8. Opsjonar ..... 5
1.9. Oppdragsgjevars prosjektorganisasjon ..... 5
2. Administrative føresegner ..... 5
2.1. Innkjøpsprosedyre ..... 5
2.2. Miljø og klimabelastning, Klima- og miljøomsyn i innkjøpet ..... 5
2.3. Russiske aktørar ..... 6
2.4. Oppbygging av konkurransegrunnlaget ..... 6
2.5. Tilbodskonferanse/tilbodssynfaring ..... 11
2.6. Vedståelsesfrist ..... 11
2.7. Retting, supplering og/eller endring av konkurransegrunnlaget ..... 12
2.8. Spørsmål til anskaffinga ..... 12
2.9. Deltakingskostnadene for leverandøren ..... 12
3. Krav til lønns- og arbeidsvilkår ..... 12
4. Lærlingordning ..... 12
5. Skatteattest ..... 12
6. Teieplikt og offentlegheit ..... 13
6.1. Teieplikt ..... 13
6.2. Offentlegheit ..... 13
7. Om kvalifikasjonskrava ..... 13
7.1. Dokumentasjon på oppfylling av krava ..... 13
7.2. Støtte frå andre føretak ..... 13
7.3. Startbank ..... 14
7.4. Kvalifikasjonskrava ..... 14
*7.4.1. Krav til organisatorisk og juridisk stilling* ..... 14
*7.4.2. Krav til økonomisk og finansiell stilling* ..... 14

*7.4.3. Krav til tekniske og faglege kvalifikasjonar* ..... 14
8. Krav til tilbodet ..... 15
8.1. Parallelle tilbod ..... 15
8.2. Alternative tilbod ..... 15
8.3. Språk ..... 15
8.4. Avvik ..... 15
8.5. Utforminga og leveringsmåten til tilbodet ..... 15
8.5.1. Utforminga til tilbodet ..... 15
8.5.2. Leveringsmåte ..... 16
8.6. Tilbakekalling av tilbod ..... 16
8.7. Avvising av tilbod ..... 16
9. Tildelingskriterium og evaluering ..... 16
9.1. Tildelingskriterium ..... 16
9.2. Evalueringsmodell ..... 17
10. Avslutning av konkurransen ..... 17
10.1. Avlysing av konkurransen ..... 17
10.2. Melding om val av leverandør og karensperiode ..... 17

# 1. Generell informasjon

## 1.1. Oppdragsgivar

Vestland fylkeskommune har ansvar for å utvikla samfunnet i Vestland. Me gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Me har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur. VLFK har ansvar for alle bussanlegg eid av Vestland Fylkeskommune.

## 1.2. Kontaktpunkt

Kontaktperson hos oppdragsgivar er:

| | |
|---|---|
| **Namn:** | **Lars-Helge Trones** |
| Postadresse: | Vestland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 Bergen |
| **e-post** | **lars-helge.trones@vlfk.no** |

Eventuelle spørsmål til konkurransen skal sendast inn via spørsmålsfunksjonen i TendSign, ikkje på e-post til kontaktperson.
Det skal ikkje vera kontakt/kommunikasjon med andre personar hos oppdragsgivar om anbodskonkurransen enn nemnde kontaktperson.

## 1.3. Formålet og omfanget av anskaffinga

Austevoll Videregående skole ligger på Sauganeset 18, 5392 Storebø, og tilbyr opplæring blant annet innen naturbruk, maritime fag, fiske, fangst og teknologi- og industrifag.

Vestland Fylkeskommune oppførte et nytt kombinert garderobe og undervisningsbygg i 2024-2025. Bygget ble dimensjonert for at det skulle kunne bygges på med en 3 etg. i ettertid.

Det er denne 3. etg. som nå lyses ut som totalentreprise.

Garderobebygget er et kombinert bygg med garderober i 1. etg. Og undervisningslokaler i 2 etg. Bygget er oppført i 2024-2025, og er tilrettelagt for en 3 etg. med hensyn til bæring og brannkrav. Ventilasjonrom er plassert på taket. Bygget er oppført med plasstøpt bakvegg i plan 1. og plasstøpt trapp/heishus. Øvrige Bærekonstruksjoner er stål og hulldekkeelementer. Dekke over 2 etg er utført med hulldekkeelementer isolert og tekket med papp. Hulldekke over trapperom er utført med tanke på at det skal kunne demonteres i forbindelse med den ekstra etasjen. Trappeløpene er prefabrikkerte betongtrapper Ventilasjonsaggregat må påregnes skiftet ut, og skal flyttes til tak over ny 3.etg.Eksisterende luft til vann varmepumper kan gjenbrukes, men det må sannsynligvis suppleres med en ekstra enhet.

Anskaffelsen har en estimert verdi på 18.000.000,- inkludert mva.

## 1.4. Entrepriseform

Prosjektet skal gjennomførast som totalentreprise

## 1.5. Talet på leverandørar

Det vil bli inngått kontrakt med ein leverandør

### 1.6. Deltilbod

Det kan ikkje gis tilbod på deler av de arbeidande som konkurransen omfattar.

### 1.7. Varigheit og leveringstid

Planlagd innstilling av entreprenør er ultimo oktober 2026
Viser til framdriftsplan i kap. 2.5 i dette dokumentet

### 1.8. Opsjonar

Opsjon er ikkje aktuelt for denne kontrakta.

### 1.9. Oppdragsgjevars prosjektorganisasjon

**Prosjektsjef**: Rune Hatlebrekke
Tlf: 924 72 330, e-post: rune.hatlebrekke@vlfk.no

**Prosjektleder**: Ørjan Hovden
Tlf.: 928 20 220, e-post: orjan.hovden@vlfk.no

Det skal ikkje vere kontakt/kommunikasjon med andre personar hjå oppdragsgjevar om anbodskonkurransen enn kontaktperson, som nemnt i pkt. 1.2.

## 2. Administrative føresegner

### 2.1. Innkjøpsprosedyre

Anskaffinga blir gjennomførast i samsvar med lov 17. juni 2016 nr. 73 lov om offentlege innkjøp (anskaffingslova) og forskrift 12. august 2016 nr. 974 om offentlege innkjøp (innkjøpsforskrifta).

Anskaffinga gjennomførast som ein open tilbodskonkurranse i hen hald til FOA del I og II. Denne prosedyren gir alle interesserte leverandørar mogelegheit til å levere tilbod. Dialog i form av rettingar og avklaringar gjerast ved behov. Etter tilbodsfristens utløp kan oppdragsgivar bestemme at det skal gjennomførast forhandlingar.
Oppdragsgivar planlegg i utgangspunktet ikkje å gjennomføre forhandlingar, men vil vurdere om det er hensiktsmessig etter at tilbod har komet inn.

Eventuelle forhandlingar vil bli gjennomført i samsvar med reglene i FOA § 9-3.

### 2.2. Miljø og klimabelastning, Klima- og miljøomsyn i innkjøpet

I denne anskaffinga er det sett minstekrav til miljø- og klima i kravspesifikasjonen i staden for å nytte klima- og miljø som tildelingskriterium, jf. anskaffingsforskrifta §7-9 fjerde ledd.

Ved Garderobebygget på Austevoll skal vi bygge vidare på eksisterande konstruksjonar av nyare dato (2024-2025), og er av den grunn litt låst i utføring og materialval. Dei mest vesentlege miljøbelastningane er

knytt til energibruk i drift og indirekte utslepp frå materialar. Den største klimabelastninga kjem frå energieffektiviteten i eit livsløpsperspektiv. VLFK sine kravspesifikasjonar inneheld difor ei rekkje definerte krav til sjølve bygget, automatiserte el-anlegg, SD-anlegg og ventilasjon, og dessutan VVS, som alle bidreg til å skapa energigjerrige bygg. Indirekte utslepp frå materialbruk vil reduserast ved å stille krav til reduksjon målt opp mot ein referanse. Det vil òg vere nokre direkte utslepp frå kranbilar, men utslepp på byggeplass vil vere avgrensa ettersom det her er snakk om å bygge ein ny etasje på eit eksisterande bygg, utan grunnarbeid.

Det at prosjektet skal byggast vidare med eksisterande løysingar og materialval gjer det lite hensiktsmessig å evaluere på miljøkriterium. Det er utarbeidd ein kravspesifikasjon for miljø som mellom anna stiller krav til passivhusstandard, reduksjon av materialutslepp, utsleppsfri energibruk på byggeplass og ombruk. Ved bruk av krav sikrar VLFK at alle tilbydarar oppfyller alle miljøkrav, og oppnår dermed betre klima- og miljøeffekt enn dersom tilbydarane får valfridom i å oppfylle eit eller fleire av miljøkrava over i sitt tilbod.

Det er heilskapen av å oppfylle krava som gir best klima- og miljøeffekt for å redusere dei største utsleppsdrivarane ved byggeprosjektet. Samla meiner difor VLFK at det i denne anskaffinga er klart at det vil vere betre å stille krav framfor å nytte tildelingskriterium.

## 2.3. Russiske aktørar

Oppdragsgivar gjer merksam på at det er forbodet å tildela eller halda fram med gjennomføringa av offentlege kontraktar for innkjøp over EØS-terskelverdi til og med russiske aktørar. Forbodet vart innført ved endring av forskrift 15. august 2014 nr. 1076 om restriktive tiltak rundt handlingar som undergrev eller truar Ukrainas territoriale integritet, suverenitet, sjølvstende og stabilitet, og følgjer av denne forskriftas § 8n.

Med «russiske aktørar» siktar ein til, til liks med forskrifta:
- russiske statsborgarar eller fysiske eller juridiske personar som er etablerte i Russland,
- juridiske personar, viss eigedomsrett direkte eller indirekte er meir enn 50 % eid av ei eining omtalt i bokstav a, eller
- juridiske personar, som handlar på vegner av eller på instruks frå ei eining nemnt i bokstav a eller b, også dersom dei står for meir enn 10 % av kontraktsverdien, underleverandørar, leverandørar eller einingar viss kapasitet blir utnytta i samsvar med direktivet om offentlege innkjøp.

Dokumentasjonskrav:
Leverandør skal stadfesta at selskapet ikkje har russisk eigarskap som beskrive ovanfor i Tilbodsbrev (Bilag-1).

## 2.4. Oppbygging av konkurransegrunnlaget

Konkurransegrunnlaget består av tre delar:

Bok 0 inneheld prosedyrar og rammar som beskriv korleis innkjøpsprosessen vil gå inntil kontraktstildeling, og dessutan skjema og målar til bruk for leverandøren ved utarbeiding av tilbodet sitt.

Bok 1 inneheld konkurransedokument som vil bli ein del av kontrakten, inklusive spesielle kravspesifikasjonar med tilhøyrande dokument.

Bok 2 inneheld konkurransedokument som vil bli ein del av kontrakten, inklusive generelle kravspesifikasjonar med tilhøyrande dokument.

| Dokument | Namn | Informasjon |
|---|---|---|

| **Bok 0** | Konkurransegjennomføring<br>Regler, skjema og malar | TendSign mappe |
|---|---|---|
| 0.0 | Konkurransereglar | Dette dokumentet |
| 0.01 | Tilbodsbrev | Fyllast ut og blir lagt ved tilbodet |
| 0.02 | Forpliktingserklæring | Fyllast ut og blir lagt ved tilbodet |
| 0.03 | Skattefullmakt | Fyllast ut og blir lagt ved tilbodet |
| 0.04 | Svarskjema erfaring entreprisar | Fyllast ut og blir lagt ved tilbodet |
| 0.05 | MAL Eigenerklæring kvalifikasjonskrav | Fyllast ut og blir lagt ved tilbodet |
| 0.06 | Tilbodskjema | Fyllast ut og blir lagt ved tilbodet |
| 0.07 | Avtaledokument NS8407 | Fyllast ut og blir lagt ved tilbodet |
| 0.08 | Kontraktsbestemmelser NS 8407 | Til informasjon |
| 0.08.1 | Forretningsrutiner NS8407 | Til informasjon |
| 0.08.2 | Vedlegg 1 MAL Endringsskjema | Til informasjon |
| 0.9 | Seriøsitetskrav C 4 | Til informasjon |

| Bok 1 | Spesielle kravsspesifikasjonar | |
|---|---|---|
| **Bok 1** | **Spesielle kravspesifikasjonar gjeldande for Totalprosjektet.** | |
| 1. | Opplysningar om prosjektet | Til informasjon |
| 1.01 | Kap.1 Rigg og Drift-Spesiell kravspesifikasjon | Til informasjon |
| 1.02 | Kap.2 Bygning- Spesiell kravspesifikasjon | Til informasjon |
| 1.02.1 | Romskjema overflater | Til informasjon |

| | | |
|---|---|---|
| 1.03 | Spesielle Kravspesifikasjoner Kap. 3 VVS | Til informasjon |
| 1.03.1 | Romskjema VVS | Til informasjon |
| 1.04 | Spesielle Kravspesifikasjon Kap 4 Elkraftinstalasjoner | Til informasjon |
| 1.04.1 | Romskjema RIE | Til informasjon |
| 1.04.2 | Prinsippskisse stikk, styring, lys og datapunkt | Til informasjon |
| 1.05.1 | Spesiell kravspesifikasjon Kap.5 Tele og Automasjon, Del 1 | Til informasjon |
| 1.05.2 | Spesiell kravspesifikasjon Kap.5 Tele og Automasjon, Del 2 | Til informasjon |
| 1.05.3 | Heat Map WIfi | Til informasjon |
| 1.05.4 | Tilbud Toppsystem SD | Til informasjon |
| 1.06 | Kap.6- Spesiell kravspesifikasjon Andre installasjonar | Til informasjon |
| 1.07 | Spesielle kravspesifikasjoner – Kap 7 Utendørs | Til informasjon |
| 1.09 | Spesielle kravspesifikasjoner- Kap 9 Miljø | Til informasjon |
| | | |
| 1.20 | Teikningar og Byggesak | Til informasjon |
| 1.20.1 | Rammetillatelse | Til informasjon |
| 1.20.02 | Teikningar ARK | Til informasjon |
| 1.20.02.1 | Teikningar Eksisterande ARK | Til informasjon |
| 1.20.02.2 | Teikningar eksisterande bygg RIB | Til informasjon |
| 1.20.02.3 | Teikningar eksisterande bygg VVS | Til informasjon |
| 1.20.02.4 | Teikningar eksisterande bygg RIE | Til informasjon |
| 1.20.03 | Brannkonsept | Til informasjon |
| 1.20.04 | IFC modell Eksisterande bygg | Tilgang gis på forespø |

| | | |
|---|---|---|
| | | |
| 1.21 | Spesiell kravspesifikasjon – Byggherren sin SHA plan | Til informasjon |
| 1.21.1 | Byggherrens SHA plan | Til informasjon |
| 1.21.2 | Skjema for Endring | Til informasjon |
| 1.21.3 | Varslingsplan | Til informasjon |
| 1.21.4 | HMS reg. | Til informasjon |
| 1.21.5 | SHA Riggplan | Til informasjon |
| 1.21.6 | SHA Risikomatrise | Til informasjon |
| | | |
| Bok 2 | Generelle kravsspesifikasjonar | |
| 2.00 | Generelle kravspesifikasjoner – Kap 0 Overordnede krav | Til informasjon |
| 2.03 | Generelle kravspesifikasjoner – Kap 3 VVS | Til informasjon |
| 2.04 | Generelle kravspesifikasjoner – Kap 4 Elkraftinstalasjoner | Til informasjon |
| 2.05.1 | Generelle kravspesifikasjoner - Kap 5 Tele og automatisering del 1 | Til informasjon |
| 2.05.2 | Generelle kravspesifikasjoner - Kap 5 Tele og automatisering del 2 | Til informasjon |
| 2.05.3 | PA-5601-BAS-Vedlegg-5-BACnet-merkemanual | Til informasjon |
| 2.08b | Generelle kravspesifikasjoner – Kap 8b Systematisk ferdigstillelse og ITB forenklet | Til informasjon |
| 2.10 | Generelle kravspesifikasjoner- Kap 10 Digital Samhandling og informasjonsforvaltning | Til informasjon |
| 2.11 | Generelle kravspesifikasjoner - Kap.11 BIM | Til informasjon |
| 2.11.1 | Spesifikke krav BIM egenskapsmatrise | Til informasjon |
| 2.12 | Generelle kravspesifikasjoner - Kap.12 FDVU-manual | Til informasjon |

| | | |
|---|---|---|
| 2.12.1 | Spesifikke krav FDVU-leveranse | Til informasjon |
| 2.13 | Generelle kravspesifikasjoner - Kap. 13 SHA-krav til utførende virksomheter | Til informasjon |
| 1.14 | Generelle kravspesifikasjoner - Kap.14 Standard IT-struktur | Til informasjon |

## Framdriftsplan for innkjøpsprosessen

| Aktivitet | Tidspunkt |
|---|---|
| Kunngjering i TendSign | 12.08.2026 |
| Tilbodssynfaring | 27.08.2026 |
| Referat frå synfaring blir gjort tilgjengeleg for leverandørane | 31.08.2026 |
| Frist for å stilla spørsmål til konkurransegrunnlagets Tilbodsdel | 09.09.2026 kl. 12:00 |
| Tilbodsfrist | 30.09.2026 kl. 12:00 |
| Tilbodsevaluering | 01.10.2026 (tentativt) |
| Kontraktstildeling | 02.10.2026 (tentativt) |
| Karensperiode | 10 dagar etter tildeling |
| Kontraktssignering | 12.10.2026 |
| Vedståelsesfrist | 30.11.2026 kl. 23.59 |
| | |
| **Detaljprosjektering og utføring** | |
| Tilkomst installering etter nærmere avtale med tilbyder | November – desember 2026 |
| Overlevering = max 8 mnd byggetid | |
| | |

Alle tidspunkt etter tilbodsfristen er tentative, forutan vedståelsesfristen.

## 2.5. Tilbodskonferanse/tilbodssynfaring

Det vert synfaring på bygget **torsdag 27.08.2026 kl. 12:00**
**Adresse: Sauganeset 18, 5392 Storebø**

Påmelding må skje seinast **24.08.2026** KL 14.00, gjennom TendSign.
Påmeldingen skal inneholde en angivelse av hvilke personer som skal delta på synfaringa.
Evt. spørsmål til synfaringa skal sendast inn via TendSign

## 2.6. Vedståelsesfrist

Leverandøren må vedstå seg tilbodet sitt i samsvar med tidspunkt angitt i punkt 2.5.

### 2.7. Retting, supplering og/eller endring av konkurransegrunnlaget

Innan utløpet av tilbodsfristen har oppdragsgivaren rett til å gjennomføra rettingar, suppleringar og endringar av konkurransegrunnlaget som ikkje er vesentlege.

Rettingar, suppleringar og/eller endringar i konkurransegrunnlaget vil bli kunngjort i TendSign seinast 6 dagar før utløpet av tilbodsfristen.

### 2.8. Spørsmål til anskaffinga

Eventuelle spørsmål leverandørane måtte ha til innkjøpet må fremjast innan fristen oppgitt i pkt. 2.5. Spørsmål til konkurransen skal sendast inn via spørsmålsfunksjonen i Tendsign, ikkje på e-post til kontaktperson.

### 2.9. Deltakingskostnadene for leverandøren

Kostnader som leverandøren pådreg seg i samband med utarbeiding, innlevering, eller oppfølging av tilbodet og innkjøpsprosessen ellast, vil ikkje bli refundert. Deltaking vil ikkje på nokon måte forplikta oppdragsgivar til å inngå kontrakt med leverandøren, eller involvera oppdragsgivaren i økonomiske forpliktingar.

## 3. Krav til lønns- og arbeidsvilkår

Kontrakten inneheld krav om lønns- og arbeidsvilkår, dokumentasjon og sanksjonar i samsvar med forskrift om lønns- og arbeidsvilkår av 8. februar 2008 nr. 112, sjå og Seriøsitetskrav kap. 8.

## 4. Lærlingordning

Oppdragsgivar kan stilla krav om at leverandørar er tilknytta ein lærlingordning, og at ein eller fleire lærlingar deltek i arbeidet med gjennomføring av kontrakten. Dersom dette er aktuelt for dette innkjøpet, vil det vera regulert i kontrakten jfr. Seriøsistetskrav kap 4.

## 5. Skatteattest

Leverandørar skal på førespurnad levera attest for skatt og meirverdiavgift. Dette gjeld berre dersom leverandøren er norsk. Skatteattesten skal ikkje vera eldre enn 6 månader rekna frå fristen for å levera tilbod, og attesten skal vera utskrive av skattekontoret via Altinn.

Utanlandske leverandørar må leggja fram tilsvarande attestar frå landa sine som viser at dei har ordna skatte- og avgiftsforhold. Dersom styresmaktene i det aktuelle landet ikkje utskriv slike attestar, skal leverandøren leggja fram ei erklæring som stadfestar at alle skattar og avgifter har vorte betalt. Erklæringa skal vera godkjend og signert av økonomidirektøren hjå leverandøren/økonomiansvarlege.

Eigedomsavdelinga i Vestland Fylkeskommune har inngått eit samarbeid med Skatteetaten. Formålet med samarbeidsavtalen er forsterka innsats knytt til førebygging og kamp mot arbeidslivskriminalitet. I dette sambandet krev oppdragsgivar at leverandørane som leverer førespurnad om deltaking leverer utfylt fullmakt til innhenting av utvida skatteattest. Fullmakta skal ha gyldigheit i ein månad rekna frå fristen for å levera førespurnad om deltaking. Oppdragsgivar gjer merksam på at skatte- og avgifts restansar kan medføra avvising av søknaden om deltaking.

Utanlandske leverandørar må leggja fram tilsvarande attestar frå landa sine som viser at dei har ordna skatte- og avgiftsforhold. Dersom styresmaktene i det aktuelle landet ikkje utskriv slike attestar, skal leverandøren leggja fram ei erklæring som stadfestar at alle skattar og avgifter har vorte betalt. Erklæringa skal vera godkjend og signert av økonomidirektøren hjå leverandøren/økonomiansvarlege.

Leverandøren som blir tildelt kontrakt skal levera ny fullmakt til oppdragsgivar før kontraktssignering. Denne fullmakta skal gi oppdragsgivar ein utvida rett til å innhenta opplysningar om skatta og avgiftsmessige forhold uendeleg mange gonger. Fullmakta skal gjelda fram til seks månader etter kontraktane er avslutta. Tilsvarande gjeld for alle underleverandørar.

# 6. Teieplikt og offentlegheit

## 6.1. Teieplikt

Informasjon som partane blir kjend med i samband med konkurransen og gjennomføringa av kontrakten skal behandlast konfidensielt, og ikkje blir gjord tilgjengeleg for utanforståande utan samtykke frå den annan part. Teieplikta er likevel ikkje meir omfattande enn det som følgjer av forvaltningslova, jf. lov 10. februar 1967 eller tilsvarande sektorspesifikk regulering, og dessutan etter offentleglova, sjå pkt. 6.2 nedanfor.

## 6.2. Offentlegheit

Inntil val av leverandør er gjord kan det nektast innsyn i tilbod og innkjøpsprotokoll, jf. lov 19. mai 2006 nr. 16 om rett til innsyn i dokument i offentleg verksemd (offentleglova) § 23.

Etter at val av leverandør er gjord er tilbod og protokollar som utgangspunkt opne for innsyn. Det er likevel gjort nokre unntak frå innsynsretten i offentliglova. Av desse unntaka er unntaket for innsyn i opplysningar som er underlagde teieplikt i lov eller i medhald av lov, jf. offentliglova § 13, jf. forvaltningslova § 13. Tilbydarane skal i tilbodsskjemaet gi ei oversikt over kva opplysningar dei meiner er friteke frå innsyn, og dessutan signera eigenerklæring på at oppdragsgivar er friteken teieplikt om opplysningar som ikkje er særskilt identifiserte som teiepliktige i tilbydaren sin opplisting.

Ved eventuelle krav om innsyn vil oppdragsgivar gjennomføra ein konkret og sjølvstendig vurdering av om innsynskravet kan etterkommast, jf. offentleglova § 29. Som ledd i vurderinga vil oppdragsgivar sjå hen til kva opplysningar søkjer/tilbydar eventuelt meiner er underlagt teieplikt og grunngivinga som søkjar/tilbydar har angitt.

Oppdragsgivar er pålagd å følgja prinsippet om meirinnsyn, jf. offentliglova § 11.

# 7. Om kvalifikasjonskrava

## 7.1. Dokumentasjon på oppfylling av krava

Leverandørar må tilfredsstilla krava i dette kapittelet for å kunna delta i konkurransen. Leverandørar som ikkje oppfyller kvalifikasjonskrava vil bli avvist frå konkurransen.

## 7.2. Støtte frå andre føretak

Leverandøren kan velja å støtta seg på andre føretaks kapasitet for å oppfylla krava til den økonomiske og finansielle stillinga til leverandøren, og til tekniske og faglege kvalifikasjonar. Med «andre føretak» meiner ein til dømes morselskap, samarbeidspartnar, underleverandør, andre føretak i same konsern og liknande.

Leverandøren må i så fall opplysa om for kva krav leverandøren ønskjer å nytta seg av støttande føretaks kapasitet. I tillegg stadfestar støttande føretak at dei sjølvstendig oppfyller relevante tekniske og faglege kvalifikasjonskrav jfr. Bilag *«0.5 Egenerklæring kvalifikasjonskrav»* Vidare gjeld krav om at støttande føretak leverer firmaattest og skatteattest.

Leverandøren må i tillegg bevisa at han vil ha rådvelde over dei nødvendige ressursane frå dei støttande føretaka i kontraktsperioden, ved til dømes å leggja fram ei forpliktingserklæring, garanti, samarbeidsavtale eller liknande.
Dette gjeld uavhengig av den juridiske karakteren av sambandet mellom føretaka, dvs. at dei støttande føretaka anten kan vera morselskapet til leverandøren, eit anna føretak i same konsern, ein samarbeidspartnar eller liknande.

Støttande føretak stadfestar ved forpliktingserklæring at dei aktuelle krava blir oppfylte av hovudleverandør og støttande føretak i fellesskap.

## 7.3. Startbank

Leverandør registrert i StartBank kan oppgi StartBank ID eller senda kopi av registreringsbevis som dokumentasjon for dei kvalifikasjonskrava dette gjeld.

## 7.4. Kvalifikasjonskrava

### *7.4.1. Krav til organisatorisk og juridisk stilling*

| KRAV | DOKUMENTASJONSKRAV |
|---|---|
| Leverandøren skal vera eit lovleg etablert føretak. | Norske leverandørar:<br>• Firmaattest.<br><br>Utanlandske leverandørar:<br>• Stadfesting på at leverandøren er registrert i bransjeregister eller føretaksregister i samsvar med lovgivinga i det landet der leverandøren er etablert. |

### *7.4.2. Krav til økonomisk og finansiell stilling*

| KRAV | DOKUMENTASJONSKRAV |
|---|---|
| Leverandøren skal ha finansiell styrke til å kunna oppfylla kontrakten. | Leverandøren skal framlegging av årsrekneskapen i føretaket med notar og revisormelding frå dei tre siste år.<br>Oppdragsgivar held på retten til å innhenta kredittvurdering. |

### *7.4.3. Krav til tekniske og faglege kvalifikasjonar*

| KRAV | DOKUMENTASJONSKRAV |
|---|---|
| Leverandøren skal ha erfaring frå liknande leveransar. | Leverandøren skal levere en liste over de tre mest relevante oppdraga frå de fem siste årene. Beskriving skal som et minimum innehalde følgande:<br><br>Kort beskriving av leveransen, her under namn på oppdragsgivar<br>Tidspunkt for gjennomføring. |

| | |
|---|---|
| | Omfang av leveranse i beløp. |
| Leverandøren skal ha gjennomførings-evne til å oppfylle kontrakten. | Det skal gis en kort og overordna beskriving av verksemda, her under:<br><br>Kjernekompetanse relatert til leveringsomfanget.<br><br>Beskriving av kapasitet og personell til utføring av oppdraget.<br><br>Beskriving av korleis leverandøren er organisert for gjennom-føring av denne kontrakten (organisasjonskart). |

# 8. Krav til tilbodet

## 8.1. Parallelle tilbod

Det er ikkje høve til å levera parallelle tilbod.

## 8.2. Alternative tilbod

Det er ikkje høve til å levera alternative tilbod.

## 8.3. Språk

Tilbodet skal vera utforma på norsk.

## 8.4. Avvik

Eventuelle avvik skal skrivast presist og utvitydig i tilbodsskjemaet. Avvik skal referera til relevant punkt i konkurransegrunnlaget og/eller vedlegg, og det skal komma fram tydeleg kva konsekvensar avviket har for ytinga, prisen og/eller andre forhold ved tilbodet. Skildringa av avviket skal vera så presis at oppdragsgivar kan evaluera tilbodet utan å ta kontakt med leverandøren.

Oppdragsgivar gjer merksam på at eventuelle avvik frå konkurransedokumenta kan gi oppdragsgivar ein rett og/eller ei plikt til å avvisa tilbodet frå konkurransen. Ved å inngi eit tilbod som avvik frå konkurransedokumenta risikerer dermed leverandøren å bli avvist frå konkurransen.

Dersom årsaka til at leverandøren vurderer å ta inn eit avvik i tilbodet er usikkerheiter i konkurransedokumenta eller liknande, tilrår oppdragsgivar at leverandøren prøver å avklara usikkerheitspunkta gjennom spørsmåls- og svarfunksjonen i Tendsign i forkant av tilbodsfristen, i staden for å levera eit tilbod med avvik.

## 8.5. Utforminga og leveringsmåten til tilbodet

### 8.5.1. Utforminga til tilbodet

Tilbodet skal innehalda følgjande dokumentasjon som skal strukturerast i samsvar med følgjande inndeling:

| Seksjon nr. | Dokumentasjon: | Informasjon |
|---|---|---|
| 1. | Signert tilbodsbrev | Signert versjon blir levert med tilbod |
| 2. | Forpliktingserklæring | Blir signert av både leverandør og underleverandør, og blir levert med tilbod |
| 3. | Skattefullmakt | Signert versjon blir levert med tilbod |
| 4. | Svarskjema erfaring entreprisar | Signert versjon blir levert med tilbod |
| 5. | Dokumentasjon på oppfylling av kvalifikasjonskrav | Signert versjon blir levert med tilbod |
| 6. | Tilbodsskjema | Signert versjon blir levert med tilbod |
| 7. | Avtaledokument | Signert versjon blir levert med tilbod |
| 8. | Anna relevant informasjon | |

### 8.5.2. Leveringsmåte

Tilbodet skal leverast på elektronisk format i Tendsign. Adressa for innlevering er www.tendsign.no.

Tilbydaren er sjølv ansvarleg for alle spørsmål, krav og avklaringspunkt er svart på og dokumentert i tilbodet. Tilbod som ikkje er levert inn som angitt innan innleveringsfristen, vil bli avvist. Leverandør ber sjølv risiko for at tilbod kjem frami rett tid. Leverandøren har vidare risikoen for uklarleikar i tilbodet, jf. FOA § 9-1. Interesserte tilbydarar blir bedne gjera seg kjend med TendSign i god tid før utløpet av tilbodsfristen. Etter at tilbodsfristen er gått ut vil det ikkje vera mogleg å senda inn tilbod i TendSign. Brukarstøtte er tilgjengeleg på startsida på leverandørkontoen din i TendSign. Her kan du både kontakta support og finna manual for korrekt bruk.
**MERK** at tilbod ikkje er sendt inn før du har fått stadfesting på dette i innleveringsprosessen og på e-post.

## 8.6. Tilbakekalling av tilbod

Eit tilbod kan kallast tilbake eller endrast i TendSign inntil utløpet av tilbodsfristen. Endring av tilbod er å vurdera som eit nytt tilbod.

## 8.7. Avvising av tilbod

Avvisingsreglane i kapittelet til innkjøpsforskrifta kapittel 9 kjem til bruk. Me ber leverandørane om å gjera seg kjend med desse.

# 9. Tildelingskriterium og evaluering

## 9.1. Tildelingskriterium

Kontrakten blir tildelt den leverandøren som har best pris:

| TILDELINGSKRITERIUM | DOKUMENTASJON | VEKT % |
|---|---|---|
| Pris | Evalueringssum frå ferdig utfylt tilbodsskjema | **100** |

### 9.2. Evalueringsmodell

**Alle innkomne og godkjende tilbod vil bli evaluert.**

Evaluering av tildelingskriteriet; Pris.

Ved evalueringa er det EVALUERINGSSUM oppgitt i tilbodsskjema og er gjenstand for vurderinga.

For tildelingskriteriet «Pris» vil oppdragsgjevar nytte ein forholdsmessig evalueringsmodell.

Lågaste tilbodspris får 6 poeng og dannar referansegrunnlaget for evalueringa. Dei øvrige tilboda får poeng basert på forholdet mellom aktuell tilbodspris og lågaste tilbodspris.

Poeng blir rekna ut etter følgjande formel:

**Poeng = 6 × (lågaste tilbodspris / aktuell tilbodspris)**

## 10. Avslutning av konkurransen

### 10.1. Avlysing av konkurransen

Oppdragsgivar held på retten til å avlysa konkurransen, dersom det ligg føre sakleg grunn, jf. FOA § 10-4.

Det blir teke atterhald om godkjenning frå offentlege styresmakter og politisk godkjenning, samt evt. nødvendig justering for tilpassing til økonomisk gitt ramme, før kontraktsinngåing.

### 10.2. Melding om val av leverandør og karensperiode

Oppdragsgivar informerer alle leverandørar skriftleg og samtidig om kven oppdragsgivaren har til hensikt å tildela kontrakt til så snart val av leverandør er gjord.

Meldinga vil innehalda ei grunngiving for valet og angi karensperioden frå tildelinga blir gjord kjent til kontraktssignering er planlagd gjennomført (kontraktsinngåinga).

Dersom oppdragsgivaren finn at tildelingsavgjerda ikkje er i samsvar med kriteria for val av leverandør kan avgjerda annullerast fram til kontrakt er inngått.